

1 Sunnfjord Høgre sitt program for 2023-2027 (utkast)



2

3

4

5

6

7

8

9

10

11

12 Innhald

13	Oppvekst og utdanning	3
14	Barnehage	3
15	Grunnskule	3
16	Studentbyen Førde	3
17	Hjelp når du treng det	4
18	Helsetenester	4
19	Eldreomsorg	4
20	Psykisk helse	5
21	Rusreform	5
22	Samferdsel og infratrstruktur	5
23	Ein meiningfull kvardag for alle	6
24	Arbeid og sosial	6
25	Integrering.....	7
26	Kultur, idrett og frivillegheit	7
27	Næring	7
28	Klima og miljø	8
29		
30		
31		
32		
33		
34		
35		
36		
37		
38		
39		
40		
41		
42		
43		
44		
45		
46		
47		
48		

49
50

51 Oppvekst og utdanning

52 Barnehage

53 Barnehagane i Sunnfjord skal vere ein omsorgsarena, ein stad for leik og læring, og der god kvalitet blir
54 særleg vektlagt. Med barnet i sentrum skal ein ha fokus på medverknad, opplevingar og utfolding i
55 samarbeid med dei føresette.

56

57 Sunnfjord Høgre vil:

- 58 • Jobbe for søskenmoderasjonsordninga i barnehage og SFO
- 59 • Kartlegge språkferdigheiter allereie i barnehagen
- 60 • Styrke innsatsen for å oppdage sårbare born i barnehagealder
- 61 • Jobbe for framleis full barnehagedekning og sommarope
- 62 • Jobbe for fleire pedagogar og legge til rette for etter- og vidareutdanning
- 63 • Sikre mangfald i barnehagetilbodet og likebehandle private og offentlege barnehagar

64

65 Grunnskule

66 Sunnfjordskulen skal bli den beste i landet. Elevane skal løftast opp frå det nivået dei er på, difor er det
67 viktig å styrke kvaliteten slik at elevane får eit endå betre grunnlag for å lukkast. Sunnfjord Høgre vil
68 prioritere ekstra innsats innanfor dei grunnleggande ferdigheiter slik at alle skal kunne lese, skrive og
69 rekne når dei går ut av skulen.

70

71 Sunnfjord Høgre vil:

- 72 • Satse på læraren som den viktigaste innsatsfaktoren i skulen
- 73 • Halde fram med å tilby etter- og vidareutdanning til lærarar
- 74 • Ha som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i dei faga dei underviser i
- 75 • Gjennomføre ei lokal ungdomskulereform for å sikre meir praktisk læring og fullføring
- 76 • Sikre ein forsvarleg og føreseieleg skulestruktur til det beste for heile kommunen
- 77 • Satse på IKT-utstyr og læremiddel, og sørge for naudsynt oppgradering og vedlikehald av
78 dette
- 79 • Sikre og styrke ei forsvarleg PP-teneste
- 80 • Vurdere å opprette eit PPT-kontor som kan tilby tenester til andre kommunar
- 81 • Redusere fråværet i ungdomsskulen
- 82 • At det er opp til kvar enkelt lærar å avgjere om ein skal nytte mobilbruk i undervisning
- 83 • Etablere ei mentorordning for nytilsette lærarar
- 84 • Opne for meir fleksibel skulestart
- 85 • Styrke skulen si plikt til å følge opp elevar som treng ekstra oppfølging i grunnleggande
86 ferdigheiter som skiving, lesing og rekning i 1.- 4. klasse
- 87 • Behalde lekser (Dissens: Stryke punkt. Steinar Kvame)
- 88 • Styrke rådgjevingstenesta
- 89 • Prøveordning med folk frå næringslivet til å undervise tema og fag på ungdomsskulen
- 90 • Sikre openheit kring skuleresultat
- 91 • Innføre eit sommarskuletilbod i Sunnfjord
- 92 • Prioritere nybygg og vedlikehald av skulebygg, og sikre elevane gode uteareal.

93

94

95 Studentbyen Førde

96 Det må vere attraktivt å studere i Førde. Skal vi lukkast med å oppretthalde arbeidsplassar, skape nye
97 jobbar og utvikle tenestene i alle landets kommunar, er vi heilt avhengig av oppdatert kompetanse. Og for

98 å sikre slik kompetanse, må ein gjere den meir tilgjengeleg, fleksibel og tilpassa dei ulike behova
99 næringsliv og enkeltmenneske har. Difor er det viktig å utvikle Førde som studentby

- 100
- 101 Sunnfjord Høgre vil:
- 102 • Styrke dagens studietilbod, og legge tilrette for nye utdanningar.
 - 103 • Tilby sommarjobbar for elevar og studentar
 - 104 • Regulere tomter til studentbustadar raskt
 - 105 • Jobbe for eit nytt universitetsbygg i Førde
- 106

107 Hjelp når du treng det

108

109 Helsetenester

110
111 Det blir stadig fleire eldre i Noreg, noko som vil skape eit press på helse- og omsorgssektoren.
112 Dette stiller ekstra krav til norske kommunar som skal yte helse og omsorgstenester til sine
113 innbyggjarar.

114
115 Alle innbyggjarar i Sunnfjord kommune skal vere sikra gode helsetenester innan somatikken,
116 psykiatrien og rusomsorga.

117
118 Det skal vere trygt og godt å bli eldre i Sunnfjord. Dette krev at Sunnfjord kommune må ha eit
119 auka fokus på eldreomsorga og forhold som er viktige for ei aldrande befolkning. Dei fleste eldre
120 ønskjer å bu heime så lenge som mogleg, og kommunen må på alle plan legge til rette for at
121 dette kan skje. Dei som treng omsorgsplass skal få tilbod om dette. Innhaldet i tenestene skal
122 vere gode, og brukarane samt deira pårørande sine ønskjer skal så langt som mogleg
123 imøtekomast.

- 124
- 125 Sunnfjord Høgre vil:
- 126 • Sikre tilgang til gode helsetenester for alle innbyggjarane
 - 127 • Sikre fastlegeordninga
 - 128 • Sikre at kommunen er konkurransedyktig med tanke på rekruttering av
129 helsepersonell
 - 130 • Styrke skulehelsetenesta for alle elevar i kommunen
 - 131 • Sikre eit godt samarbeid mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og
132 utdanningsinstitusjonane
 - 133 • Styrke barnevernstenesta i kommunen
 - 134 • Styrke skulehelsetenesta
 - 135 • At råd for ungdommar, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne får
136 medverke i relevante saker
 - 137 • Sikre ei avlastingsordning for pårørande og andre som tek seg av pleietrengande
138 som bur heime
 - 139 • Satse på kvardagsrehabilitering i kommunen
- 140

141 Eldreomsorg

- 142
- 143 Sunnfjord Høgre vil:
- 144 • Legge til rette for at eldre kan bu heime så lenge som mogeleg
 - 145 • Gje tilbod om førebyggjande heimebesøk til alle over 70 år
 - 146 • At eldre og menneske med demenssjukdommar får tilbod om tilrettelagde
147 dagtilbod

- 148 • Stimulere til bygging av bustader som er tilrettelagt for eldre og der det inngår
- 149 fellesareal og servicefunksjonar
- 150 • Legge til rette for gode uteområder og generasjonsmøteplasser, for eksempel
- 151 mellom barnehage og omsorgssenter
- 152 • Legge til rette for flere aldersvennlige uteområder
- 153 • Sikre eldre god og næringsrik mat, større valfridom i mat- og måltider
- 154 • Samarbeid med frivillige for å førebygge og redusere einsemd, inaktivitet og fare
- 155 for underernæring hos heimebuande eldre
- 156 • Sikre at kommunen har nok aldersbustader og omsorgsplassar for ei aukande
- 157 gruppe eldre
- 158 • Planlegge for å bygge demenslandsby og bufellesskap for personar med demens
- 159 • Sikre valfridom med hensyn til kor i kommunen ein ønskjer omsorgss plass
- 160 • Leggje til rette for at gifte og sambuande kan få bu i lag på omsorgsheim
- 161 • Tilrettelegge for aktivitetar på omsorgsheimane både på dagtid, kveldstid og i
- 162 helgane
- 163 • Gi gode tilbod om fysisk aktivitet
- 164 • Støtte frivillige organisasjonar som jobber for å hindre digitalt utanforskap, til
- 165 dømes Seniornett
- 166 • Sikre betre opplæringsverktøy slik at eldre kan bli sjølvstendige digitale brukarar
- 167 • Sunnfjord kommune skal tilby dei eldre digital assistanse, til dømes ei ordning
- 168 med digital heimehjelp eller på bibliotek og servicetorg
- 169

170 **Psykisk helse**

171 Sunnfjord Høgre vil:

- 172 • Ha fleire lågterskeltilbod innan psykisk helse
- 173 • Sikre eit godt tilbod innan psykisk helsevern for alle som treng det
- 174 • Tilby sentrumsnære bueiningar som er tilpassa psykiatrien
- 175 •

176

177 **Rusreform**

178 Sunnfjord Høgre vil innføre ei lokal rusreform etter modell frå Oslo og dei andre store byane.
 179 Kommunen skal ha ein verdig og human rusomsorg som ikkje har som mål å straffe brukaren,
 180 men sørge for at rusavhengige får god oppfølging hos kommunen og kommunen sine
 181 samarbeidspartnarar. Det er viktig oppgåve for kommunen å førebygge misbruk av både alkohol,
 182 piller og narkotiske stoff.

183 Sunnfjord Høgre vil:

- 184 • Sikre eit godt tilbod innan rusomsorg for alle som treng det
- 185 • Gjennomføre ei lokal rusreform med mål om å hjelpe dei avhengige framfor å straffe dei
- 186 • Prioritere ein eigen ressurs som ruskoordinator som har i oppgåve å jobbe med førebygging og
- 187 livsmeistring
- 188 • Vidareutvikle gode samarbeidsordningar på tvers av regionar og etatar, spesielt innan
- 189 rusomsorg, vald i nære relasjonar, barnehuset og overgrepsmottaket
- 190 • Tilby sentrumsnære bueiningar som er tilpassa psykiatrien
- 191

192 **Samferdsel og infratrsuktur**

193

194 Høgre vil føre ein samferdselspolitikk som sikrar trygge og gode vegar i tillegg til eit godt
195 kollektivtilbod.

196 Sunnfjord Høgre vil:

- 197 • Binde bu- og arbeidsregioner betre saman gjennom raske og trygge vegar
- 198 • Betre trafikktryggleiken ved særleg utsette punkt
- 199 • Auke satsinga på kollektivtransport med gode sambindingar
- 200 • Auke tilgang på hurtig- og lynlading i Sunnfjord kommune
- 201 • Gå gjennom dagens parkeringsordning og sikre ei heilheitleg parkeringsordning, også om
202 dette skulle innebere avgift. (DISSENS: Anne, Martin. Ikkje krevje inn parkeringsavgift så
203 lenge det blir krevja inn bompengar)
- 204 • Utvikle Førde Lufthamn, Bringeland, med tenelege flyruter til Oslo og jobbe for nye
205 direkteruter til Bergen, Trondheim og Stavanger, samt pilotprosjektet med elfly.
- 206 • Sikre god digital infrastruktur i heile kommunen
- 207

208 Sunnfjord Høgre vil arbeide for realisering av følgjande prosjekt:

- 209 • Førdepakken
- 210 • E39 Storehaug – Moskog, ny veg og tunell
- 211 • Ny veg R5 Erdal-Naustdal
- 212 • Utbetring Fv 57 Dale – Storehaug
- 213 • Utbetring Fv 611 Naustdal – Vevring med god tilkomst til gruveprosjekt
- 214 • Utbetre Fv 13 Rørvikfjellet
- 215 • Fv. 609 Førde-Askvoll, Heilevangtunellen

216

217

218 Ein meiningfull kvardag for alle

219 **Arbeid og sosial**

220

221 Sunnfjord Høgre er opptatt av at vi får fleire i arbeid. Derfor vil vi styrke arbeidet med at fleire
222 personar med hol i cv eller har ein funksjonshemming blir tilsett i Sunnfjord kommune.

223

224 Sunnfjord Høgre vil:

- 225 • Innføre eit mål om at 5 % av alle tilknytte i Sunnfjord kommune, der dette er mogleg, skal
226 være personar med hol i CVen, personar som har slitt psykisk eller har nedsatt
227 funksjonsevne
- 228 • Jobbe for å tilby fleire praksisplassar til unge og studentar.
- 229 • Tilby fleire lærlingplassar
- 230 • Oppfordre næringslivet til å være med på ein jobbdugnad med mål om at fleire personar
231 skal komme i arbeid.
- 232 • Støtte prosjekt som Individuell jobbstøtte og andre prosjekt som arbeider med å få fleire i
233 jobb
- 234

235 Integrering

236 Sunnfjord Høgre er opptatt av ein integreringspolitikk som får folk ut i arbeid og gir dei eit godt
237 grunnlag for å lære seg norsk. Vi meiner integreringspolitikken må stille krav etter resultat og
238 innsats. Samstundes som kommunen og samfunnet ellers bidra så godt som mogleg for å
239 integrere dei inn i det norske samfunnet.

240

241 Sunnfjord Høgre vil:

- 242 • Ta del i ein inkluderingsdugnad med mål om å få fleire i jobb
- 243 • Styrke norskopplæringa for innvandrara og flyktningar
- 244 • Stille krav til resultat av introduksjonsprogrammet
- 245 • Styrke arbeidet med å tilby kveldsundervisning og moglegheit for at innvandrara i jobb
246 kan ta norskopplæring i arbeidstida
- 247 • Legge til rette for at frivillige organisasjonar og lokalsamfunn blir involvert i integreringa

248

249 Kultur, idrett og frivilligheit

250 Frivillige lag og organisasjonar er berejdelken for aktivitetar og gode fritidstilbod i kommunen.

251 Gode kulturtilbod vil gjere Sunnfjord attraktivt for innbyggjarar, turistar, studentar og næringsliv.
252 Talentutvikling for dei som skal sette sitt preg på kulturen framover er ei viktig oppgåve for
253 kommunen. For mange born er deltaking på fritids- og aktivitetstilbod det kjekkaste som skjer i
254 løpet av veka. Kommunen skal vere med å legge tilrette for at alle born får tilgang på eit idretts-
255 eller kulturtilbod.

256 Sunnfjord er heim til mange av landets viktigaste kulturinstitusjonar og kulturskattar, og forvaltar
257 såleis ein omfattande og betydningsfull kulturarv. Her må både det offentlege og private gå
258 saman for å finne dei beste løysingane.

259 Sunnfjord Høgre vil:

- 260 • Støtte opp under frivilligheita som samfunnsbyggjar
- 261 • Sørge for at alle born og unge får delteke på minst ein fritidsaktivitet
- 262 • Rekruttere fleire frivillige
- 263 • Legge til rette for gode anlegg, arenaar og møteplassar
- 264 • Oppgradere Førdehuset og sikre gode symjefasilitetar
- 265 • Sikre kulturskulen gode areal og gje opplæring rundt om i heile kommunen
- 266 • Sikre distriktsmusikarstillingane
- 267 • At kyrkja skal ha ei sentral rolle, og at kyrkjene og kyrkjegardane vert haldne godt ved like
- 268 • Jobbe for realisering av eit nytt visningssenter på Astruptunet
- 269 • Jobbe vidare med «Astrupstien»
- 270 • Stille seg positive til gondolprosjektet i Kjøsnesfjorden.

271

272 Næring

273 Sunnfjord kommune har eit mangfaldig og attraktivt næringsliv. Sunnfjord kommune skal legge til
274 rette for fortsatt vekst og investering i kommunen sitt næringsliv.

275 Sunnfjord Kommune er den største landbrukskommunen i Vestland fylke. Landbruk, skogbruk og
276 næringsmiddelindustrien må styrkast i vår region.

277 Sunnfjord Høgre vil:

- 278 • Legge til rette for at bedriftene i kommunen kan vekse
- 279 • Bevare eit berekraftig og konkurransedyktig landbruk i heile kommunen, og legge til rette
- 280 for fornuftig bruk av naturressursane
- 281 • Arbeide for å styrke landbruket gjennom forenkling av lovar, reglar og støtteordningar
- 282 • Støtte opp om landbrukets betydning for reiseliv og kulturlandskap
- 283 • Legge til rette for auka hogst og planting gjennom ei aktiv skogforvaltning
- 284 • Støtte tiltak for auka satsing på frukt og grønt
- 285 • Arbeide for å styrke bonden sin råderett over eige areal
- 286 • Ta initiativ til at Vestland blir ein pilot for ei returordning på landbruksplast
- 287 • Sikre næringslivet tilgang til arbeidskraft ved å gjere kommunen attraktiv for innbyggjarar
- 288 og tilflyttarar.
- 289 • Dra nytte av dei naturgitte fordelane i kommunen som mineral, kraft og skog
- 290 • Utnytte potensialet på Moskog med tilgang til store mengde fornybar energi.
- 291 • Handelsnæringa vert støtta gjennom planarbeid og gode trafikk- og parkeringsløyisingar.
- 292 • Etablere djupvasskai av restmassane frå tunnel Erdal-Naustdal
- 293 • Kommunen skal vere ein servicevenleg ja-kommune.
- 294 • Det å vende seg til kommunen, uansett etat, skal verte oppfatta som ei positiv oppleving.
- 295 • Gjere søknadar meir forståelege, og forenkla og standardisere søknadsprosessar.
- 296 • Prioritere førehandssamtalar med dei som ynskjer det i forkant av søknadsprosess.
- 297 • Innføre brukarundersøkingar for å gjere det enklare for innbyggjarane og bedrifter å seie
- 298 ifrå om positive og negative erfaringar.
- 299 • Legge tilrette for bustadbygging i takt med folketalsutvikling og kva folk ynsjer seg
- 300 • Styrke Sunnfjord Utvikling
- 301 • Støtte ein UNESCO-søknad frå Fjordkysten regional- og Geopark for området kring
- 302 Storehesten
- 303

304 Klima og miljø

305 Heile verda står framfor ei omstilling, der alle må jobba saman om å få ned både klimautsleppa
306 og miljøutsleppa. Kommunen kan gjere tiltak lokalt for å bidra til dette.

307 Menneskeskapt global oppvarming er allereie eit problem, og dette vil auke i omfang om vi ikkje
308 tar grep. Her har også Sunnfjord kommune eit ansvar.

309 Sunnfjord Høgre vil arbeide å ha rikeleg og rimeleg fornybar energi. Sunnfjord Høgre meiner at vi
310 kan, både åleine og gjennom samarbeid, og må ta ei større rolle i å framskaffe meir miljøvennleg
311 kraft og ta denne i bruk til elektrifisering, omstilling og grønt skifte.

312 Sunnfjord Høgre vil:

- 313 • Velje klimavennlege løysingar i framtidige byggeprosjekt.
- 314 • Velje klima- og miljøvennlege produkt og løysingar der dette er tilgjengeleg og forsvarleg.
- 315 • Jobbe for mest mogeleg klimavennlege tenestekøyrety i kommunen.
- 316 • Kartlegge moglegheiter for utbyggingar av fornybar energi
- 317 • Kartlegge behovet for flaum- og rasdemping
- 318